



MALI

NYHETSREV 2/22

MALI: Ungdomsarbeidet i Mali held fram og gjer stadige framskritt.

Ein ny generasjon

Leiarane i arbeidet NMS er med på i Mali er førstegenerasjons kristne med muslimsk bakgrunn. For mange av dei inneber det å leva i spenning mellom gammalt og nytt, mellom tradisjon og oppbrudd. Mamoudou, ein av dei første kristne, samanliknar av og til den første generasjonen kristne fulaniar med israelsfolket som gjekk ut frå Egypt. Dei er satt fri, men opplever at vandra mot det lova land er slitsam.

Håpet og bønna til Mamoudou og andre førstegenerasjonskristne er at det skal vera annleis for borna deira. Ei av dei viktigaste oppgåvene for misjonen er å hjelpa og støtta desse. Salomon frå Nigeria er den misjonæren som har jobba mest med ungdommar og unge vaksne. Her fortel han litt frå ungdomsarbeidet:

- Kan du skildra ungdomsarbeidet du har drive dei siste åra?

- Ungdomsarbeidet har to hovudkomponentar: åndeleg sjølvstende og økonomisk sjølvstende. Den åndelege sjølvstenda handlar om å hjelpa dei unge til å forstå livets løyndommar gjennom å studera Guds ord og bli lydige læresveinar. Den økonomiske sjølvstenda handlar om å hjelpa dei unge til å oppdaga talenta sine, og til å bli entreprenørar, slik at dei kan hjelpa både seg sjøve og andre. Me møtes ein gang i veka for bibelundervisning og bøn. Då har ungdommane med 100 franc (om lag ei krone og 50 øre) som går inn i ein felleskasse. Sjøve gjev eg 2000 franc (om lag 25 norske kroner). Ungdommane får låna pengar frå kassen til å starta ein økonomisk aktivitet. Dei betaler tilbake lånet i tillegg til 10 prosent av overskotet sitt. Det gjer at kassen vår stadig veks. I dag består kassen av to millionar franc - om lag 30 000 norske kroner.

- De bur og jobbar i Sevare. Jobbar de også med unge frå Douentza og Bamako?

- Dei unge frå Douentza og Bamako høyrde vitnesbyrda frå dei unge i Sevare om arbeidet og vart inspirerte av det. Me snakka saman under ein årleg ungdomskonferansane. I etterkant av konferansen ønskja også dei å starta slike grupper. Eg følgjer dei opp digitalt via WhatsApp og Zoom.



29. NOVEMBER
Feir givergleden hele
NOVEMBER

FØLG MED PÅ
[NMS.NO/GIVINGTUESDAY](https://nms.no/givingtuesday)



vimeo.com/misjonsselskap

Her kan du se en flott
takkevideo – perfekt som
kollektivvideo i menigheten!

Les mer om Mali:
nms.no/finndinmenighet

Tidligere nyhetsbrev:
nms.no/nyhetsbrev



Bli med i Facebook-gruppen
«**NMS menighet**»

- **Kva har vore den største utfordringa i ungdomsarbeidet?**
- Det var ei utfordring å skapa tillit og einskap og felles forståing mellom ungdommane. Det har også vore utfordringar i forholdet til nokre av ungdommanes familiar, som ei tid reagerte negativt på det nye som haldt på å veksa fram. Eg måtte prata med nokre av desse familiane, og no er dei meir positive.

- **Kva har vore den største gleda i ungdomsarbeidet?**
- At ungdommane har tileigna seg misjonens visjon om å gjera læresveinar, og å bruka våre talent til å hjelpa andre. Ingen treng lenger å fortelja dei unge kva dei skal gjera. I ungdomsgruppene har det oppstått evangeliserande initiativ retta mot venar, fangar i fengsel og andre. Gruppene har laga egne handlingsplanar for aktivitetar som inkluderer besøk i fengsel, besøka sjuke, med meir. Ungdommane tar også aktivt del i å leia søndagsgudstenestene. Det gjev håp for framtida å sjå dei unge veksa i leiaroppgåver, kjærleik, einskap og likeverd.



Frode Brügger Sæthre

Misjonær, Mali

Digital infosending for frivillige,
«**Menighet spesial**»,
torsdag 6. oktober
klokken 20.00.

nms.no/infosendinger

Årets julehefte,
«**I de dager**»,
Kjøp på
nmsjulehefte.no



Gudstjenesteressurs
for barn og unge
med fokus på
misjon!

nmsu.no/delegudstjeneste

